

Breiset (gnr. 63)

Kommentar fra Opplandsarkivet:

Gard nummer 62 Nyhus ble i gammel tid kalt Lillebreiseth og finnes så vidt omtalt her under Breiseth. Senere ble Nyhus et underbruk under gnr. 51 Randgård og finnes også omtalt under denne garden.

Breiset: Gardnamn som kjem av b r e i d r, brei, og s e t r, seter. Uttalen av namnet har vore og er framleis stø og historisk godt kjenneleg: B r e i s e t.

I skrivne kjelder finn ein garden Breiset i Fåberg omtala i skinnbrevet av 1442. Namnet er da alt fordanska og skrive Bredesæther, og det er opplyst at garden låg ”Aal i Faubergs Sogn”. Ved skiftet vart Breiset da uttatt av hr. Benkt Harniksson og gjekk inn i hans arvepart av jordgods i Fåberg etter foreldra Harnikk Henriksson og hustru Inger Sundelvsdatter. I 1574-77 var ”Bredesetter” vorte kyrkjegods og låg med ei landskyld av 9 skinn under Fåberg prestebolig. Sytten år seinare er gården i 1594 ført i gruppa for ”Hallfue Gaarde”, og namnet er framleis skrive Bredsetter. Etter atter 10 år finn ein i 1604 Oluff Bresetter som brukar på garden, og han var da ført i gruppa for ”Ødegaardsmenn”. I 1621 er namnet hans skrive ”Oluff Bredseter”, og det går tydeleg fram at han også da var leiglendingssbonde, men når seinare er det fortalt at Anders var vorte brukar på Breiset.

Av ei sak frå 1628 går det elles fram at ein Oluf Breiset døde etter eit slagsmål med Oluf Paulsen på Hauge (Hågå). Saka var føre ved ting på Jørstad den 4/11. 1628. Det kom da fram at Oluf Breiset under slagsmålet med Oluf Hågå var vorte stukke i handa med kniv og døde 14 dagar seinare av blodtapet. Lagretten som dømde i saka, var ein 11-manns rett der desse var med: Arne Prestrud, Oluff Gustumb, Siffuer Skegestad, Torre Jørtad, Peder Dal, Joenn Dal, Oluff Østedal, Svend Sundet (Sundgarden), Asbjørn Lunde, Elling Fagstad og Effuind Ersgard. – Domen i saka vaet elles at Oluf Hågå vart frikjend, da retten meinte å kunne fastslå at Oluf Breiset (sjølv) hadde opna såret att.

I 1657 heitte brukaren på Breiset atter Oluf, Oluff Bresetter, og husdyrhaldet på garden hans var da: 2 hopper, 5 naut, 5 sauer, 5 geiter og 1 gris.

Elleve år seinare kom i 1668 den første norske matrikkelen med nemnande opplysningar om gardane. Der er det om Bresetter i Faaberg fortalt at brukaren på garden også da heitte Oluff, og at landskylda av Breiset var 1 hud eller 1 pund 6 merker smør. Men eigar av Breiset var også i 1668 Fåberg prestebol. Vidare er det om garden og gardsbruket fortalt at enga, innmarka var god, men det var lite eller inkje av skikka dyrkningsjord. Buskapen ab store husdyr var da 2 hestar og 10 naut, og korntienda vart utreidd med 1 tønne bygg, som altså svara til ei årsavling på 10 tn. Det går elles fram at Breiset hadde seter og sommarbeite åt krøtera på Nordsetra, og at det til garden låg fjellslåtter til 2 lass høy, som det vart svara særskilt høyskatt av med 4 skl. – Til Breiset låg dessutan i den tid også plassen Avelsgarden, som truleg bar namnet sitt etter rydningsmannen Avaldr.

Av manntal for Leiglendingeskatten 1678 er det elles klårt at brukaren på Breiset da heitte Tomas, og at landskylda av garden var høgda til 1 hud og 1 skinn. – Tomas Breiset var framleis brukar av garden i 1705. Han og Kristen Sundgarden fekk da bevillingsseddel av foged Curt Coldevin på ei seterlykkje på Storstølen seter. Men åtte år seinare hadde sonen, reservesoldat Arne Tomasen, overtatt garden. Han let da tinglesa bygselseddel på ”sin fars gard Bresetter, som skylder 1 hud til Fåberg prestebol, som han hadde bokslet af sognepresten hr. Jørgen Rosing.” Frå året etter er det elles opplyst at Arne også hadde bygsel på 1 skinn

skyld i ein plass under Breiset, Frå 1716 er eit tinglyst forlik mellom Tomas Breiset og Syver Skjellerud om Langsetsetra.

Bruket "Lille Breset" er omtala i 1722, Peder Pedersen Breiset gav da skjøte til broren Asbjørn Pedersen Randgard på odelsretten til Lille Breset, som Asbjørn da hadde løyst inn for 60 riksdalar.

Året etter kom i 1723 matr.framlegget med nye opplysningar om gardane. Der er det om "Bredsetter med Sveen Engeslet og Slottere-Eng" fortalt at den samla skylda av garden da var 1 hud og 2 skinn, og av dette åtte Fåberg prestebol framleis 1 hud; 1 skinn låg til Kongen, og brukaren, Arne Tomassen, eide det resterande, 1 skinn. Buskapen på Breiset var da 3 hestar, 14 naut, 12 sauer og 8 geiter, og en årlege utsæden utgjorde ca. 4 tn. Bygg og litt rug. Det er elles fortalt at garden hadde skog til brenneved og gjerdefang, seter med god hamn og framleis utslåttar til 2 lass høy. Høyavlinga i det heile utgjorde kring 25 lass. Det er vidare opplyst at Breiset da hadde eiga kvern, men at dei mol der berre til eiga bruk.

Bruket "Slet Eng Ødegaard" er atter nemnt i 1730. Major Ambroseus Leffelman var da vorte skyldug 70 rd. til Syver Nilsen Skjellerud og pantsatte da "sin eiende Ødegaard under Bredsett av skyld 1 skind."

Den 22. novb. 1746 gav sokneprest i Fåberg, hr. Nils Stochflet bygselseddel til Kristian Engebretsen på "en husmandsplads under Bresetter, Avelsgaarden kaldet, prestebolet tilhørende".

Av 14. Oktober 1751 er ein tinglyst kontrakt som prokurator Nimb sikkert har skrive, og som lyder slik:

"Breset.

Tgl. 16. febr. 1750.

Vi underskrevne Michael Friedrich Nimb, Jørgen Sorgendal, Lars Suttestad, Arne Breset, Christen og Ole Nedre Langset, samt Christen Søndre Langset på den eene, og Torchild Holen, Siver og Poul Hage samt Lars Høstmælingen paa den anden side, gjør hermed vitterligt: At endskjønt imellem os havde reist sig noen disputer og Tvistigheder om hvorvidt enhvers hiemraaster skulle gaae og strekke sig, saa ere vi dog derom i Mindelighed bleven forenede saaledes. 1. Hvad Skougen angaar, da skal vi paa begge Sider rette os efter den vedtagne Deelelinje som strekker sig frå Setter vejen øverst paa den nye hugne Natteruds Svee i lige Linie til øvst paa Stor Myrbrenden, hver en Merkesteen af os skal blive nedsadt og derfra langs med tømmer vejen til Stor Myren videre derfra opefter langs vintervejen paa lang-Myrbakken, og endelig derfra Nord i Kleven. Kva der er norden og needen for denne opreignede Deelee Strækning skal følgje Lille Hammer, Sorgendal, Suttestad, Breset, samt Nordre og Søndre Langsæt, Opsidderne til brug og ejendom ligesom enhver deraf har haft frå gammel tid. Men det øvrige som er beliggende ovenfor bestemte Streckning skal følgje saavel Holen, Hage og Høstmællingens opsidde som os andre til fælleds Hugst. 2. Havningen betreffende, da nyder enhver deraf saaledes som frå gammel Tid været haver, og hverudi den ene av os icke forsetlig maae fornærme den anden, hvor hos og er vedtaget at Lars Høstmællingen maae havne med os omkring Naterudsveen, dog at hand dermed ikle maae gaae for vit, eller fornærme os andre, ligesom hand efterdags icke maae give Anders Røslie eller nogen anden uberettiget lov til at havne med sig udi denne Mark, langt mindre noget deraf at indhegne os til fortregsel. 3. At ligesom enhver af os skal have sit brug og Eiendomb paa visse Stæder i denne Mark, saa skal og enhver være forpligtet same at forsvare imed dem

som herudi tilføier os nogen fornærmelse, hvilket alt, som saaledes er indgaaet og sluttet, vi forpligter os paa alle sider at holde og efterkomme. Til hvilken ende vi og same bekræfter under vore eegne Hænder og Signetet. M. Friedrich Nimb (L.S.) (L.S.) (L.S.) (L.S.) (L.S.) (L.S.)”

Men denne kontrakten vart ikkje av alle rekna for å vera fullgod, og den fekk i 1752 et tillegg som har denne ordlyden:

”Breset.

Vi underbekræftende Michael Friedrich Nimb, Jørgen Sorgendal, Lars Sustad og Jon Breset paa den eene, samt Christen og Ole Nordre Langset paa den anden Side, gjør hermed vitterligt at have Sluttet og Indgaaet som vi og hermed Sluttes og Indgaaer følgende Contract og forening: At hvad havningen even for vores paaboende Gaarder angaaer, da skal Nordre Langsæts Oppsiddere havne med sine Creature needenfra Gaardene og efter til Langsæthougen, samt have sit Raag eller Regste paa Nordre side same Houg, men ingen Levning derom kring, uden paa Søndre side Langsæthougen og Storsveen Saa videre Sør efter ved Christen Ringen, Men der even for holde enhver sig til sine Havner, som enhver frå gammel tiid haver haft. Og hvad Hugsten betræffer, da Maae Langsæts Oppsiddere ikkje hugge noget i Torbiørns-Skaalen, Seljedammen Rundthougen uden hvad Beet og Bar de kan finde tet ved vinterveien, Men ikkje at gjøre eller hugge meget som staaer langt frå same Vej. Oven for bemeldte Seljedam og Rundthougen op til Stor Myren Maae Nordre Langsæts Oppsiddere og have Fællets hugst med os andre paa den Søndre Side af vinter vejen, Men ikkje at hugge eller kjøre noget Norden for same vej, Men even for Bar Myren skal de gaae til Fællets med os Andre baade Nord og Sør i Marken. Udi denne bemeldte skoug og Mark Maae ingen av os tillade vore Husmænd at hugge andet end den liden deel Saug-tømmer, Staved, Beet, løv, Riis, Mose eller deslige maae de ikke tage uden verten vil forunde dem noget af saadan Skoug som er han allene tilhørende, Denne Contract forbinder enhver af os sig u-brødelig at holde og paa Alle sider efterleve, og ifald nogen derind forsætlig handler da derfor efter loven at undgielde. – til Stadfæstelse under vores Egne Hænder og Signeter. Lillehammer den 14de october 1751. Michael Friderich Nimb. (L.S.) – Jørgen Sorgendahl. (L.S.), Lars Sustad (L.S.) (L.S.) (L.S.) (L.S.)”

Jon Breiset som er nemnt ovanfor, vart ingen gamal mann. Han døde i 1756, og det var da arveskifte på ”Breiset i Faaberg”. Ved dette skifter er det opplyst at Engelandet Sletteeng, som hørde buet til, vart verdsatt for 90 rd. og vart utlagt til Ole Skjellerud, som overtok det for gjeld. Arvingane ved skiftet var foruten enka Goro Rasmusdr. dei 6 borna i ekteskapet. Av dei var Ole da 13 år, Sigrid 10 1/2 år, Rasmus 8 1/2 år, Arne 5 1/2 år, anne 3 år og Kristen 1/2 år. – Enka Goro Rasmusdr. Breiset gifta seg i 1757 oppatt med Jon Larsen Rusten, som same året overtok bygsla på Breiset av sokneprest og provst Niels Stochflet.

Bruket Breisetsveen er nemnt i 1765. Ole Olsen Skjellerud gav da skjøte til Even Willumsen Lærvigen (Leirviken) og arvingar på ”en med gården Schiellerud brukende slott Engødegaard Bresetsveen kaldet for sum 156 rd.” – Bruket Avelsgaarden er atter omtala i 1766. Sokneprest Ole Irgens gav da bygsel til Lars Amundsen og hustru på ”en husmandsplads under prestebolsgaarden Breseter kaldet Avelsgaarden, hvilken den førre husmand Christen Engebretsen oplader frivillig.” – Frå tre år seinare finn ein i 1769 Lille Breset atter nemnt. Asbjørn Randgard skjøta da ”gardepladsen Lille Breset av skyld 1/2 hud til brørne Syver og Peder Pedersen for sum 400 rd. – Året etter gav i 1770 foged Wangensteen bygselseddel til Jon Larsen Breiset på ”engelandet Soellien for avgift av 2 lass høy, 6 skl. årlig.” Tre år seinare var det i 1773 Elling Olsen som hadde hatt rydningsplassen Sollien. Men han gav da

skjøte til Lars Johansen Langset på ”bygningen, rødningen og arbeidet med alle indhegninger på hans av Holtz første bevilgede rødningssplads Sollien med same ret til fjelds, hugst, havn og festerrettighet i utrusten som han selv har hatt for sum 70 rd.” Frå den tid var bruket Sollien nærast å rekne som eit heilt sjølvstendig gardsbruk. I 1781 fekk Elling Olsen og hustru føderåd frå Engebret Syversen ”av gaarden Sollien i Faaberg sogn.”

År 1780 var Martin Abilgard vorte sokneprest i Fåberg. Han gav da bygselseddel til halvord Gundersen Fjeld og kona hans på ”husmandsplassen Avelsgaarden beliggende under prestebolens beneficerede gaard Breset i Faaberg, med at svare årlig avgift Bresetters opsidder 3 rd., neml. 1 rd. kontant og 2 rd. i åndearbeide”.

I 1786 var bruket Breisetsveen delt i Breisetsveen nordre og Breisetsveen søndre. Peder Pedersen og Jens Syversen gav da kjøte til Syver Amundsen Skjellerud på ”engelandet nordre Breisetsveen i Faaberg, skyld 2/9 skind for sum 150 rd. Ein merker seg at etter landskylda måtte dette vera ein sers høg pris.

Breset i Fåberg var framleis kyrkjegods under Fåberg prestebol i 1796. Sokneprest Anders Broch gav da bygselseddel til Jon Jonsen på garden Breset framleis av skyld 1 hud. To år seinare fekk Jon Jonsen Breset og bygselseddel frå foged Bendix Plesner på Sollien engeland i Faaberg kongealmenning. Det er da opplyst at Jon Jonsen var son av Jon Larsen som hadde hatt bygsla på Sollien før.

Etter dette budde det under folketellinga i 1801 seks familiar på eller ved ”Breseter”. Det var: 1. familie: Jon Jonsen, husbonden, 45 år, 2. Ingebor Halvorsdr., kona hans, 29 år, 3. Kjersti Larsdr., mor til husbonden, føderådskone, 80 år, 4. Eli Larsdr., legdkone, 70 år, 5. Ole Erlandsen, legdbarn, 14 år. 2. familie: 1. Halvor Isachsen, føderådsmann, 62 år, 2. Kari Jacobsdr., kona hans, 72 år, 3. familie: 1. Halvor Gundersen, husmann med jord, skredder, 48 år, 2. Marit Larsdr., kona hans, 40 år, 3. Gunnar Halvorsen, son deres, 20 år, 4. Guri, dotter deres, 15 år, 5. Ragnhild, dotter deres, 12 år, 6. Kari, dotter deres, 9 år, 7. Peder, son deres, 6 år, 8. Anne, dotter deres, 3 år, 9. Lars, son deres, 1 år. 4. familie: Nils Olsen, husmann med jord, 29 år, 2. Kari Ambrosiusdr., kona hans, 25 år, 3. Ole Nilsen, son deres, 3 år, 4. Ambrosius, son deres, 2 år. 5. familie: 1. Christen Pedersen, husmann med jord, 29 år, 2. Johanne Andersdr., kona hans, 32 år, 3. Anne Wilhelmsdr., dotter til kona, 5 år, 4. Lars Amundsen, føderådsmann, 73 år. 6. familie: Christopher Amundsen, husmann med jord, 27 år, 2. Marit Syversdr., kona hans, 29 år, 3. Christen Syversen, tenestkar, 25 år.

Tre år seinare gav i 1804 Christen Sønsteli kjøte til ungar Niels Madsen Hauknæs ”paa et engeland Bresethsveeen, der er bestående udi 2de LiuEng efter indhegningerne og skylder 2/9 skind for 325 rd.”

Breset låg framleis til Fåberg prestebol også i 1806. Christen Larsen Rusten fekk da bygselseddel av sokneprest Andreas Broch på ”Bresether kaldet, skylder 1 hud”. Den tidlegare brukaren Jon Jonsen og hustru fekk da føderåd av og på Breset gard. – Året etter gav i 1807 Jon Jonsen Breisets kjøte til Lars Laren på ”engelandet Sletter eller Stølen, av skyld ¾ skind for 400 rd.” Same året fekk Lars Larsen og bygselseddel frå foged Markus Sedemann på ”et engeland Sollien kaldet under Breset, mot årlig avgift 24 skill.” – Frå denne tid er og ei sak om plassen Avelsgården som her er av interesse. Saka er etter utskrift av tingboka referert slik:

”Avelsgården i Fåberg.

15.febr. 1806.

Halvor Gundersen, Avelsgården kontra Joen Joensen Breseth. Den innf. I dompr. 2 fol 191.: Citanten Halvor Gundersen har des denne sak forlangt Jon Breseths fravikelse av en under 12. juli 1780 tilbygste plass halve Avelsgården. Til bevis har citanten framlagt bygselseddelen av 12. juli 1780 hvorefter han og hustru var berettiget til hele pl. Avelsgården for deres levetid. Citanten og hans hustru forlot stiftet i 1802 utan å gi det tilkjende for beneficarius (Sognepresten). Før deres avreise oplot de halve plassen for deres levetid til den i saken innstevnte Christen Brunsbech, imot at han betalte 60 rd. til Halvor Gundersens kreditorer. Christen Brunsbech overdrog sin bruks og besiddelsesrett til Jon Breseth. Sognepresten hr, Broch utgav i 1803 bygselseddel på hele plassen til Jon Breseth. Citantens kone Marit Larsdtr. Møtte ved forlikelseskomm. 1. mai 1804 og sluttet på sin manns vegne forlik med Jon Breseth, hvorefter hun med mann skulle ha halvdel av plassen mot å betale Jon Breseth 67 rd. Dette forlik ble godkjent av beneficiarius. Kjennes for rett: Innstevnte Joen Breseth frifinnes for citanten Halvor Gundersens tiltale forsåvidt halve Avelsgaardens fravikelse angår. Derimot tilholdes Joen Breseth å holde forliket av 1. mai 1804 etterrettelig. Som følge derav tilpliktes han, naar føderådsmannen Lars Amundsen avgår ved døden, å svare Halvor Gundersen for deres levetid som føderåd av halve Avelsgården i td. strit bygg årlig. Sakens omk. oppheves.”

I 1819 kom det utarbeidde matr.framlegg for Fåberg med fleire og nyare opplysningar om gardane. Der er det om Breiset fortalt at buskapen av store husdyr i den tid var 3 hestar og 12 naut, og at den årlege kornavlinga var ca. 50 tønner. Det er elles opplyst at garden da hadde 1 husmann. – Brukaren Lars Larsen hadde Breiset enda i 1839. Ved matrikuleringa av gardane det same året, 1839, vart mtr.skylda på Breiset justert og omrekna til 6 skylddalar 1 ort 8 skilling. Etter atter tre år overlot så faren Lars Larsen garden Breiset til sonen Halvor Larsen.

I Halvor Larsen si brukartid var i 1846 utskifting av seterskogen i Fåberg østre almenning, og i 1849 gav Halvor Breisets skjøte til Kristen Kristensen Hagen på eit jordstykke som vart kalla Kristenringen, og som vart skyldsett for 13 skilling.

I samband med folke- og jordbrukstellingane i 1865 vart det publisert fleire opplysningar om gardane. Der er det om grd. Breiset med Avelsgården nedre fortalt at det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkjer til garden i den tid utgjorde ca. 270 mål, og av dette var 32 mål av 1. klasse. Samtidig er det fortalt at husdyrhaldet på Breiset med plassar var 4 hestar, 20 storfe og 30 småfe, og utsæden på Breiset med plassar var kring 12 ½ tn. settepoteter.

År 1866 fekk Halvor Larsen også kongl. skjøte på Engeland-Sollien, som før hadde vore brukt under garden. – Halvor brukte så Breiset vidare til i 1884. Da skjøta han Breiset med tilliggande Haaveløkken til sonen Johannes Ludvig Breiset for kjøpesum kr. 4750,- + føderåd av 5-årleg verdi kr. 3000,-.

To år seinare kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnummer og ny matrikkelskyld rekna i mark og øre. Breiset i Fåberg fekk da gardsnr. 63 med ei samla skyld av 12,82 mark, og det var da bruksnr. under gnr. 63 Breiset: Det var: Gnr. 63, brn. 1 Breiset, av skyld 11,89 mark, med Johannes Ludv. Breiset, som eigar og brukar, brn. 2 Avelsgaarden, skyld 0,33 mark, med fourer P. Roland som eigar ell. brukar, og brn. 3 Kristenringen, skyld 0,60 mark, eigar ell. brukar Kristen Kristensen Hagen.

Etter atter 10 år var i 1896 Ludvig Breiset død, og enka, Thora Sveinsdtr. Breiset, gav den 30. desmb. skjøte til dottera Anne Breiset på grn. 63, brn. 1 Breiset for kjøpesum kr. 12000,- –

anna Breiset var framleis eigar av ættegarden sin i 1912. Ho og fleire av grunneigarane til Nordre Mesnavand gav da ei tinglyst erklæring om at vatnet der kunne senkast til 6 meter under den daverande damstokk.

Frå denne tid vart det så etter kvart fråskilt Breiset ei mengd parsellar især til tomte- og hagegrunn. Vi nemner her at i 1918 kjøpte såleis fru Bjørneby parsellen brn. 6 Sellanrå av skyld 0,07 mark, og Oluf Kristiansen overtok i 1919 brn. 11 tomt av skyld 0,72 mark. Brn. 17 tomt av skyld 0,36 mark vart same året selt til kjøpm. Tallaksen, og brn. 19 tomt av skyld 0,08 mark til lærar A. Haave. I 1933 var talet på bruksnr. under Breiset kome opp i 40. Av desse mange bruksnummer var det ved jordbruksregistreringa i 1939 berre 3 bruk som da hadde eit jordbruksareal av åker, hage og eng på meir enn 10 mål (da).

Det var: a. Grn. 63, brn. 1 Breiset med eit jordbruksareal på 35 mål, eigar og brukar: Anne Breiset, b. grn. 1 Mosehaugen, areal ca. 12 mål, eigar Anne Breiset, brukar Knut Bråten, c. brn. 3 Ringen, areal ca. 48 mål, eigar og brukar Kristen og Kristian Ringen.

Avelsgarden

Avelsgarden: Namn som truleg kjem av det tidlegare brukte mannsnamnet Avaldr.

Kva tid bruket Avelsgarden under Breiset er rydda og busatt, let seg vanskeleg fastslå. Men det budde folk der i 1741. Mannen der heitte da Knut Christensen, og han var gift med Tora frå Askelrud. Fem år seinare gav i 1746 sokneprest Niels Stochflat i Fåberg bygselseddel til Christen Engebretsen og kona hans Berit Monsdtr. på ”en under prestebolets gaard Breseter liggende plads Avelsgaarden kaldet mod at han svarer aarlig til garden Breseters opsidder 3 rigsdaler, deraf 1 rd. kontant og 2 rd. i ånnearbeide.”

Av 1765 er ei sak der Amund Christensen Brenden let tinglyse at det var hans forfedre som ”har opryddet pl. Avelssgaarden, og da hans barn derfor er rydningsberettigede til pladsen, forbeholder han deres rydningsrett og løsningsrett for fremtiden.” Plassen var da på framande hender. – Året etter fekk Lars Amundsen bygselseddel frå sokneprest Ole Irgens på ”pl. Avelsgaarden under grd. Breseter.”

Av 1780 er vidare ei opplysende kontrakt, som etter utskrift av tingboka har denne ordlyden: ”Avelsgaarden.

Kontrakt dat. 18. juni 1780 tgl. 9. oktbr. s. å. Lars Amundsen Avelsgaarden overlater sin bøxelret paa pladsen Avelsgaarden , og avstår sine på bemeldte plads nuværende Vaaningshuse tillikemed hans opbyggede seterhuse i heimsetteren Ringen og Sommerseteren NordSætterten til svigersønnen Halvor Gundersen og hustru Marit Larsdtr. mot at disse svarer Lars Amundsen med hustru Ragnil Christensdtr. årlig føderåd så lenge de lever.”

Samtidig gav sokneprest til Fåberg Martin Abildgaard bygselseddel til soldat Halvor Gundersen Field og hustru på husmannsplassen Avelsgaarden beliggende under prestebolets benefiserede gard Breset i Fåberg, mot at disse svarer i årlig avgift til Breseters opsiddere 3 rd., neml. 1 rd. kontant og 2 rd. i ånnearbeide.”

Ved folketellinga i 1801 vart så ganske riktig Halvor Gundersen med familie listeført på ein av husmannssplassane under Breiset. Tellinga viser vidare at kona til Halvor heitte Marit

Larsen, og at dei da hadde 7 born. Det går vidare fram at Halvor Gundersen også var skreddar.

Ti år seinare er det i 1811 opplyst at mora Marit Larsdtr. var død, og det var skifte på "Avelsgarden i Lillehammer, Faaberg." Ved dette skiftet utgjorde dødsbuet omrekn i pengar brutto 100 rd. og netto 52 rd. Det går elles fram at alle dei 7 borna framleis var i live. Dottera Guri, so var eldst, var da 28 år, Ragnild var 22 år, Kari 20, Peder 18, Anne 14, og Marte var 6 år.

I 1816 hadde det atter vore brukarskifte på Avelsgarden, og provst Broch gav da bygselseddel til den nye brukaren Lars Andersen. Litt om storleiken på bruket går fram av matrikkelframlegget av 1819. Der er det fortalt at buskapen av store husdyr på Avelsgarden i den tid var 5 naut, og den årlege kornavlinga var ca. 10 tønner.

Etter atter 19 år hadde det i 1838 skjedd det store skifte at Kristen Knudsen var vorte eigar av Avelsgarden, som han da selde til kjøpmann Coucheron. Dette førde med seg at det både vart nybygging og restaurering av husa på eigedomen, både våningshusa og dei andre.

Kjøpm. Coucheron hadde Avelsgarden til i 1849. Da gav han skjøta til korpslege Vetlesen, som i 1850 selde Avelsgarden vidare til furer Peder Hansen Roland, som etter det hadde Avelsgarden i 37 år. I hans brukartid vart det i 1865 opplyst at Avelsgarden da var delt, og at Avelsgarden nedre framleis låg til Breiset, men Avelsgarden øvre var eit sjølvstendig bruk.

År 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnummer og ny matrikkelskyld rekna i mark og øre. Avelsgarden vart da framleis matrikkelført under gardsnr. 63, der Avelsgarden fekk bruksnummer 2 av skyld 0,33 mark, og det var framleis furer P. Roland som var eigar og brukar av Avelsgarden. – Men året etter gav i 1887 furer P. Roland skjøte til August Andreassen Sletten på Avelsgarden for kjøpesum kr. 1200,-.

Etter ajourført matrikkel av 1904 var et også da August Andreassen og kona hans Berte Simensdtr. som var husbondsfolk på Avelsgarden. Dei budde der og i 1907, og august var da 52 år og Berte 54 år.

Ved jordbruksregistreringa i 1952 var det Aksel Avelsgarden, son av august og Berte, som hadde overtatt garden. Det er da opplyst at husdyrhaldet på Avelsgarden var 3 hestar, 9 storfe, 12 sauer og 3 griser. Men det er da å legge til at brukaren dreiv hestavl.